



Arkivnr: 2016/2047-237

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.11.2016

Tildeling av kunstnarstipend 2016

Samandrag

Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend er fordelte slik:

- 5 reise- og/eller kompetansehevingsstipend á 25 000 kroner
- 2 arbeids- og fordjupingsstipend á 50 000 kroner. Eit av desse stipenda skal gå til ein kunstnar i etableringsfasen.

Ved søknadsfrist 1. september var det motteke 215 stipendsøknader.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Som tidlegare år er det flest søkjarar innan visuell kunst. I år er litteratur og film nr. 2 i høve søkjartal. Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke er blitt vurdert av ulike fagkomitear.

For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning. Den store søkjarmengda i forhold til tilgjengelege stipend syner eit stort behov for slike midlar. Dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend.

Det har vore etablert ein ny og meir omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt inntil 4 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstillinga til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering er i samsvar med komiteane sine innstillingar.

Komiteane har vore delte inn slik, med følgjande deltaking:

- Visuell kunst (inkl. kunsthandverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemar), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
- Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Griegakademiet, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturformidling.
- Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen – Senter for kunstoff, kultur og kommunikasjon.
- Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk Filmsenter, Skrivekunstakademiet.

Forslag vedtak

1.	Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele 2 arbeids- og fordjupingsstipend, kvart på kr 50.000, til; <ul style="list-style-type: none">• Cecilia Jonsson - visuell kunst• Fredrik Vogsborg - musikk Løyvinga utgjer totalt kr 100.000 frå konto 10.400.720.
2.	Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele 5 reise- og / eller kompetansestipend, kvart på kr 25.000, til: <ul style="list-style-type: none">• Lisa Colette Bysheim – scenekunst• Trond Gjelsten Dale – musikk• Helene Førde – visuell kunst• Hildegunn Værness – film• Marit Eikemo - litteratur Løyvinga utgjer totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.10.2016

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 reise- og/eller kompetansehevingsstipend á 25 000 kroner og 2 arbeids- og fordjupingsstipend á 50 000 kroner (konto 10.400.720). Stipenda er lyste ut med søknadsfrist 1. september.

Talet på søkjarar til Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend har ligge på omlag hundre dei tidlegare åra. Det er og har vore noko ujamt korleis søkjarane fordeler seg i forhold til dei ulike kunststartane. I år vart søknadstalet om lag fordobla (215 søknader, der nokon har sendt inn søknader til to ulike stipendtypar), og fordelinga mellom kunststartane er litt ulik tidlegare år. Dette syner at det er stort behov for kunstnarstipend.

Søknadene fordeler seg slik på dei ulike kunststartane:

- Visuell kunst: 78 søknader
- Musikk: 55 søknader
- Scenekunst (inkludert dans): 12 søknader
- Litteratur og film: 58 søknader
- Andre kunststartar/tverrkunstnarleg: 12 søknader (vurdert i to relevante fagkomitear)

Liste over søkjarane og søknadane er vedlagt saka.

Bakgrunn

Som ei følgje av Regional kulturplan 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har Hordaland fylkeskommune i 2015/16 hatt ei gjennomgang av tilskotsordningane på kultur- og idrettsfeltet. Dette gjeld også kunstnarstipenda. Kulturplanen inneber ei sterkare satsing på det profesjonelle kunstfeltet, både når det gjeld institusjonane og det frie, profesjonelle feltet. Som ein del av satsinga vart kunstnarstipenda styrka med 100 000 kroner på budsjettet for 2016. Det vart også gjort vedtak om å etablere ny og meir utvida komitéstruktur for kunstnarstipend og andre stønadsordningar.

Hordaland fylkeskommune vil no ha breiare samansette komitear (med representasjon frå ulike organisasjonar) enn tidlegare, m.a. for å sikre at ulike kunstsyn er representert. Dette inneber m.a. kombinasjon av «fagfellevurdering» og vurderingar frå meir institusjonelle organ.

Undersøkingar visar at kunstnarstipend har størst tyding for unge kunstnarar / kunstnarar i etableringsfasen. Denne fasen er i endå høgare grad enn elles i kunstnarane sitt yrkesliv økonomisk usikker. Relativt små midlar kan då gjere ein forskjell. I tillegg gir eit stipend også anerkjenning og merksemd til ein kunstnar i startfasen. Difor er det vedteke at eitt av dei to arbeidsstipenda skal tildelast ein kunstnar i denne fasen, og det vart sett til at denne kunstnaren må vere under 40 år.

I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka etablerte Hordaland fylkeskommune i 2016 også nye stipend innan folkemusikk og –dans. Desse vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 12.10.2016, jf PS 138/2016.

Vedtekne retningslinjer

Følgjande retningslinjer for stipenda vart vedteke i KIRU den 10.5.2016, PS 75/2016:

1. *For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning.*
2. *Dei løyvde midlane for kunstnarstipend vert fordelt slik:*
 - 5 reise- og/eller kompetansehevingsstipend á 25 000 kroner
 - 2 arbeids- og fordjupingsstipend á 50 000 kroner. Eit av desse arbeidsstipenda skal gå til kunstnar i etableringsfasen.
3. *Det skal opprettast fagkomitear i følgjande kategoriar:*
 - Visuell kunst (inkl. kunsthandverk og design)
 - Musikk

- *Scenekunst (inkl. dans)*
- *Litteratur og film*

Anna/tverrkunstnarleg skal også vere ein kategori, og kandidatar som vel dette skal vurderast av minst to av dei mest aktuelle juryane.

- Fagkomiteane vurderer og innstiller inntil 4 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Dette vil verte lagt fram for politisk behandling.*
- Det vert tilrådd å utnemne komitear med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar / institusjonar:*
 - Visuell kunst (inkl. kunsthandverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemmer), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.*
 - Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Griegakademiet, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturformidling*
 - Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen – Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.*
 - Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk Filmsenter*

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane. Det enkelte medlem kan sitje i komiteane for 2 år om gongen.

Vurdering av søknadane

I samsvar med retningslinene vart søkjarane vurderte av fagkomitéar. Alle komiteane innstilte inntil fire kandidatar innan dei ulike stipendtypene med skriftleg grunngjeving. Partane i saka har innsynsrett i den fullstendige grunngjevinga. Organisasjonane var svært positive til å delta i komitéarbeidet, og deira representantar har gjort ein grundig og god jobb i komitéane.

Fylkesrådmannen har teke den heilskaplege vurderinga og samansetninga av denne samla innstillinga som vert lagt fram til politisk handsaming. Fylkesrådmannen har følgd rangeringane i komiteane sine innstillingar, og sett saman stipendmottakarar ut frå m.a. søkjartal innan dei ulike sjangrane og kunstfagleg breidde.

Følgjande to kandidatar er innstilt til Hordaland fylkeskommune sine arbeids- og fordjupingsstipend 2016 :

2 stipend á 50 000 kroner

Fredrik Vogsborg - musikk

Frå stipendkomitéen for musikk si grunngjeving:

Fredrik Vogsborg er ein dyktig songar og ein strålande muskar som trakterer mange instrument.

Han er hjernen bak Casiokids og ein viktig muskar i band som Megaphonic Thrift, Stange Helloes, Aurora, Syme, Young Dreams, Divisjonen Silja Sol og Hjerteslag.

Her er ein bakmann og produsent som verkeleg fortener å bli løfta fram. Han er og har vore viktig for mange unge utøvarar, og han er ein stor ressurs i det bergenske musikkmiljøet. Han er instruktør for AKKS på trommer, gitar, bass, lydteknikk. I miljøet er han kjend for å sette andre føre seg sjølv, men no ønskjer han arbeidsro til å fokusere på sitt eige prosjekt – Galaxevåg. «Endeleg», vil mange seie.

Cecilia Jonsson – visuell kunst

Frå stipendkomité for visuell kunst si grunngeving:

Juryen innstiller Cecilia Jonsson (f.1980) til HFKs arbeids- og fordypningsstipend. Hun skal bruke det for å arbeide med det tverrfaglige kunstprosjektet Kjerneboring i Dyp Tid, en Geologisk Studie av Grått, der hun vil utføre mikroskop-fotografiske studier av urberg ved Norges Geologiske Undersøkelse og Norges arkivlager for borkjerner i Trondheim og Løkken. Cecilia Jonsson har siden fullført MA i 2012 gjennomført en rekke sterke prosjekter der hun ofte bruker empirisk materiale og teorier innenfor naturvitenskapelige forskningsmetoder, og beveger seg mellom medier som installasjon, skulptur, lyd, video, mikroskopi, arkivering og motorikk. Hun fremstår som en kunstner med et unikt og særpreget kunstnerisk prosjekt av høy kunstnerisk kvalitet.

Følgjande fem kandidatar er innstilt på Hordaland fylkeskommune sine reise- og kompetansehevingsstipend 2016:

5 stipend á 25 0000 kroner

Lisa Colette Bysheim – scenekunst/dans

Frå stipendkomité for scenekunst si grunngeving:

Som en del av et gryende, men endog skjørt og lite dansemiljø i Bergen representerer Lisa en spesiell drivkraft. Hennes fokus og ambisjoner kan ses og oppfattes i perspektivene om at regionen kulturpolitisk ønsker å støtte undersøkende og forskende scenekunstnere. Hun søker overskridelse og evt. originale og innovative uttrykksfyller, ved å lete i foreløpig ukjente former og områder. Hennes kjennskap til samtidsdans plasserer henne i denne muligheten. Komiteen ønsker at Lisa bevilges et reisestipend for å øke kompetanse i henhold til sin nye planlagte produksjon.

Hildegunn Værness - film

Frå stipendkomité for litteratur og film si grunngeving:

Værness er 37 år og kommer fra Bergen. Hun hadde ideen og regisserte dokumentar- serien «Fjorden Cowboys» for TV2, videre har hun regissert dokumentarserien «Vinterveiens helter» for National Geographic Channel. Hun har også skrevet og regissert kortfilmer og frittstående dokumentarfilmer. Hun har stor betydning for filmbransjen på Vestlandet gjennom sitt arbeid. Nå arbeider hun med flere prosjekter innen fiksjon og ønsker i den forbindelse å oppdatere seg og finne ny inspirasjon etter en lang og hard arbeidsperiode.

Hun vil bruke reisestipendet til å oppdatere og utvikle seg videre som filmskaper, gjennom å delta på ulike kurs på Den danske filmskoles etterutdanning.

Marit Eikemo - litteratur

Frå stipendkomité for litteratur og film si grunngeving:

Marit Eikemo 45 år, forfatter, vel etablert med svært god gjennomføringsevne. Eikemo vil i sine to nyeste prosjekt bruke reisestipendet for research knyttet til to ulike prosjekter. Hun arbeider med romanprosjektet Gratis og uforpliktande verdivurdering (arb.tittel) og har i den forbindelse behov for å besøke Storkklinkken i København. I tillegg arbeider hun med en essaysamling om norske vinningsforbrytere, der researchreiser må gjøres for å oppsøke forbryterne, gå opp fluktruter, besøke åsteder for kjente forbrytelser osv. Gjennom undersøker av lovbrudd og lovbrøtere vil hun si noe om samfunnet innenfor loven, i samme litterære tradisjon som hennes essaysamling Samtidsruinar fra 2008.

Helene Førde – visuell kunst

Frå stipendkomité for visuell kunst si grunngeving:

Helene Førde (f.1974) innstilles til HFKs reise og kompetansehevingsstipend.

Hun vil bruke stipendet til et opphold i Japan der hun vil fordype seg i en asiatisk tankegang rundt sted, rom og arkitektur og moderne japanske arkitekturprosjekter der bygningene blir fullstendig integrerte i landskapet. Førde skal i tilknytting til oppholdet videreutvikle et samarbeid med kunstner Hidemi Nishida som arbeider ved Joshibi University of Art and Design i Tokyo. Juryen har valgt å innstille Førde til stipendet grunnet hennes målrettede og interessante kunstneriske arbeid innen installasjon, performance og lydkunst, der tankegang rundt sted, rom og arkitektur er tydelig tilstede. Juryen ser for seg at stipendet vil lede til flere spennende arbeider av høy kvalitet i fremtiden.

Trond Gjelsten Dale - musikk

Frå stipendkomité for musikk si grunngjeving:

Trond Gjelsten Dale (slagverk) er veldig godt kvalifisert med tanke på utdanning. Han er ein allsidig musikar som du like gjerne ser i eit symfoniorkester, i eit storband eller i intens undervisning med unge elevar.

Han har ei seriøs og profesjonell innstilling til alle stags oppdrag. Trond er ein særst dyktig, men audmjuk musikar, som har stor respekt for gode utøvarar uavhengig av sjanger. Ny kunnskap han kan hente utanfrå, vil garantert andre få nytte av.